

KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 2-3

Mars/April 1984

38. årgang



Guds kyrkje, syng kring vide jord!

Guds kyrkje, syng kring vide jord:
sjå, siger vann vår konge stor.
Gled dykk ved dette signa ord!
Halleluja! Halleluja! Halleluja!

Mot livsens helt, som ris or grav,
vår lovsong stig som brus av hav:
Pris han som evig siger gav!
Halleluja! Halleluja! Halleluja!

I jubel hjarto takkar han
som sleit med velde Satans band
og vart oss liv i dødens land:
Halleluja! Halleluja! Halleluja!


Til samstemt kvad vi strengen slår:
Deg vere ære, Frelsar vår!
Mot paradisi di heimferd går.
Halleluja! Halleluja! Halleluja!

Til norsk v. Alfred Hauge.

Det utrulege val

Heller Barabbas enn Jesus. Slik ropa folket. Det verkar uforståeleg. Mordaren Barabbas vert nærast halde fram som ein helt som det var om å gjera å få sett fri. Kan dei eigentleg meine dette? Var han ikkje farleg? Var dei ikkje glad han satt bak stengde dører? Grunnen til at han vart tiljubla var nok den auka motstand mot Jesus. Han skulle for einkvar pris vekk, sjølv om Barabbas måtte setjas fri. Folket var opphissa og suggeret. Dei var oppvigla til å gjer dette, sjølv om mange berre kjende Jesus som han som gjorde vel mot folket. På fråstand ser det meiningslaust ut. Står ein midt oppe i det som hender kan det heile verta så anleis. Då kan det se ut som ein kan gjera det stikk motsette av det ein eigentleg ynskjer. Me har alle lese om Hitler korleis han fekk menneskemassane med seg på dei mest grusomme handlingar. På fråstand kan det verka utruleg. For dei som sto midt oppe i hendingane var det annleis. Det synes så altfor lett å verta riven med.

Me lever idag i 1984. Enkelte gonger høyrer me og liknande langfredagsrop. Ein vil ha kristendomen bort. Reiser seg i protest. Ropar slagord. Folk vert rive med. Hån og spott breider seg.



Det får plass i TV og blader. Øydeleggjande krefter vert sett fri. Men vil ein eigentleg dette? Dei mange falda hender fortel ofte noko anna. Dei mange born som vert borne til Kristus i dåpen og dei mange som høyrer på kristne program i radio og TV fortel noko av det same.

Kvifor talar ein så lågt om dette? Kan hende er det for mykje av langfredagens usikkerhet og resignasjon. Det er på tide å finna fram noko av påskedagens store glede og trusvisse. Minne kvarandre om at sigerherrane på langfredag vart tapare påskedagen og ikkje minst at han dei trudde var tapar langfredag vart den store sigerherre påskedagen. Ein siger som gjeld i dag og for all framtid. Kan hende treng me å trekkja oss litt attende og la denne gamle påskebodskapen få tala til oss på ny så me kan gjera det rette val.

Magne Steinnes

Sportsandakt i Bergsdalen

Etter at me hadde sportsandakt ved det tradisjonelle skirennet i Bergsdalen palmesundag for to år sidan, kom det ynske frå tilskaparane om at dette måtte verta ein fast tradisjon. Sjølv sagt art ei slik innbyding motteken med glede. Andakten vert kl. 13, eller so snart presten har vunne å koma opp etter gudstenesta på Stamnes. Me reknar med musikk av Ottar Cleveland, og kanskje fleire.

Etter andakten er små og store bergsdalingar ivrige med i rennet, eit godt gamaldags bygda-
renn.



Kyrkjebladet på lånemarknaden

Nei, det gjeld ikkje pengar, denne gongen, men "bladmat". Me har lånt frå fleire kjelder, ikkje for å fylla bladet, men for di det synest godt og aktuelt.

Men elles tek me gjerne mot innlegg frå lesarane, og framlegg til emne me bør ta opp. Har du noko på hjarta? Skriv, eller ta ein telefon. Hugs: Kyrkjebladet er DITT BLAD!

Johanna B. Helle til minne

Den 2.mars fekk me melding om at Johanna B.Helle var gått bort.Det kom ikkje uventa.No nærma seg dei 90 år,og hadde vore på sjukehuset på Voss i lengre tid.

Johanna kom til Vaksdal som sjukesyster,og hadde mang ein frisk sjøtur over fjorden mellom Vaksdal og Bruvik.Men det var nok ikkje berre som sjukesyster ho vart kjend.Hele livet sit var ho opp-teken av at Guds ord måtte nå ut til folket.I sitt daglege liv var ho eit vitne,og det var viktig at alle kanalar vart nytta til denne tenesta.

Ho skjønna tidleg at massemedia hadde ei viktig oppgave i Guds rike.Her måtte radioen nyttast,og for henne vart Norea Radio den viktigaste reiskapen.Likeeins måtte avisene nyttast,og ho arbeidde

for at Dagen måtte nå ut til heimane.

Kyrkjebladet rekna ho og med.Her var ho medarbeidar,og skreiv flittig i mange år.For mange var småstykk hennar det fyrste dei såg etter.Ei enkel hending i hennar daglege liv knytt saman med tankar frå Bibelen.

Misjonen låg henne og mykje på hjarta.Ein kunne undra seg over kor godt orientert ho var om tilhøva ute i misjonslanda.Og godt orientert var ho om mange ting elles og,og meiningar hadde ho,og markerte meiningar som ikkje alltid gjekk i bås med folkefleirtalet.

Me takkar for alt det gode ho fekk gjera,og lyser fred over Johanna B.Helle sitt minne.

M.O.S.

Det som skjedde

Melodi:Hvor rosor aldri dør
eller:Hvilken venn.

Det som skjedde påsketiden i Judea Jødeland. Og om det er lenge siden -vi vel ingen glemme kan. Da vår Frelser uten klage syndebyrden bar for oss. Trett av pinsler,spott og plage måtte dra det tunge kors.

Og på Golgata i nøden der tolmodig som han var ble uskyldig dømt til døden uten lov og rett forsvar. Fra den falske folkevrimlen som fornektet Herrens bud, ropete han mot høge himlen til sin Far og store Gud.

Han i naglesår og smerte kjempet for det sanne ord, med det omsorgsfulle hjerte for oss alle her på jord. Og med all sin kraft og styrke tro og kjærlighet oss gav. Viste veien gjennom mørke da han oppstod av sin grav.

Så var rede når han kommer til hver søster,bror og venn Strålende som sol og sommer, lys og levende igjen. Han som vide verden eier, land og hav med grøde god, vant for oss den største seier med det rene Jesu blod.

A.Jensen.

Var det dei same?

I år som før om åra vil det nok bli sagt i påsketalar og andaktar at dei som ropa "Hosianna!" palmesundag,ropa "Krossfest!" langfredag. Men det står ingen stad å lesa i evangeliet.

For det første var det ein

stor flokk palmesundag,og helst ein liten tidleg fredag morgon,også av di det knapt var plass til mange. Helst sov vel dei som hadde hylla Jesus,medan hine ropa sitt "Krossfest!" Sølv me når me skulle vore vakne?

VÅRT LAND Lørdag 24. mars 1984

Er du glad i meg?

Johan Tander har ingen brydd seg om.

Fjernsynsteatret viste nylig «Bleikeplassen» av Tarjei Vesaas. Der møtte vi en ulykkelig mann som holdt på å miste fullstendig taket på seg selv. En hendelse hadde rammet og såret ham inn i dypet av hans sjel. Om natten hadde noen skrevet på et gjerde: Johan Tander har ingen brydd seg om. Og Johan Tander, det var ham. Han kjente seg utstøtt, og det slo ut i hat mot en annen mann som bodde i hans hus.

Den som ingen bryr seg om, mister livsmotet. Eller mennesket reagerer ut ved destruktiv adferd.

For noen år siden kom det ut en bok om barneoppdragelse som heter «Er du glad i meg?»

Det ble en viktig bok for mange foreldre. Budskapet i den er at ethvert barns grunnleggende behov er betingelsesløs kjærlighet. Hele tiden lever dette spørsmålet i barnets sinn: Er du glad i meg? Og det retter seg først og fremst mot foreldrene eller dem som er i foreldrenes sted.

Forfatteren av boken har fulgt opp med en ny bok om tenåringer og deres foreldre: «Er du fortsatt glad i meg?»

Jeg tror ikke at dette spørsmålet er aktuelt bare for barn og ungdom. Det er et vesentlig spørsmål for mennesket gjennom hele livet.

Enkelte fiske, aktive mennesker vil kanskje være uenige i dette. Selv om det er godt at noen er glad i dem, er det da ikke slike personlige spørsmål

som opptar dem. De er opptatt av arbeid, samfunnsproblemer, politikk, kirkespørsmål, kultur og andre viktige saker.

Men i svake situasjoner, f.eks. ved sykdom og alderdom dukker gjerne spørsmålene opp: Er det noen som bryr seg om meg? Er du glad i meg?



En ung kvinne som led av en depresjon, sa til dem som besøkte henne: Ingen er glad i meg. En tid etter tok hun sitt eget liv. En gammel mann gav uttrykk for det samme: Ingen bryr seg om meg. Han kjente seg ensom og bitter.

Vi voksne kan lære våre egne dypere behov å kjenne ved å lytte til de signaler barn sender ut: Hvem er jeg? Er jeg noe verd? Er noen glad i meg? Er du glad i meg? Lever ikke de samme spørsmålene i oss alle — gjennom hele livet?

I en artikkel om tenåringer i Vi Foreldre nr. 1/83 peker Gunvor Lande på at livsproblemer dypst sett er de samme for mennesket gjennom hele livet. Hun tar spesielt opp identitetsproblemet: Hvem er

jeg?

Men dette gjelder i like høy grad det menneskelige kjærlighetsbehov. Er det noen som bryr seg om meg? Er du glad i meg? Hvis bekräftelsen ikke kommer eller blir for svak, kan det få tragiske følger.

I livets svake perioder kjennes livsspørsmålene ofte mer påtrengende enn ellers. Ikke minst spørsmålet «Er det noen som bryr seg om meg?» Selv om det ikke uttales i ord.

Er du glad i meg? Barn stiller spørsmålet til foreldre. Ektefeller til hverandre. Andre stiller det til dem som står dem nærmest, enten det er familie eller venner. Lykkelige er alle de som er trygge på at svaret er ja.

Jo mindre trygg et menneske er på å være elsket, desto større blir uroen i sinnet. Men kanskje er denne uroen undertrykt eller kapslet inn.

Jeg undres på om ikke mang en ekteskapelig krangel eller konflikt har sin egentlige grunn i et uttalt og usikkert: Er du glad i meg?

Jeg tror at dette spørsmålet er fundamentalt i alle menneskers liv fra vugge til grav.

En av de frigjørende sider ved den kristne tro er nettopp dette: Den bekrefter at noen bryr seg om oss, at vi er verd å elske. Mange mennesker har fått et nytt selvbilde og et nytt livsmot gjennom det enkle budskap: Jesus elsker deg.

Vi kan også være med å styrke livsgleden og livsmotet hos hverandre ved å vise: Jeg bryr meg om deg.

Stabat mater dolorosa

Under krossen stod med tåra
Jesu mor, i hjarta såra,
medan Sonen pinsla bar.
Å for angest ho laut lida,
gruffull sjelekvad og kvida,
sverdet gjennom hjarta skar!

Sonen ser ho sundflengd, såra,
hender, føter gjennombora,
panna tornekruna ber.
Blodet dryp frå alle vunder,
han i lidings natt gjeng under,
daudens myrker kring han slær.

Kann so hardt eit hjarta finnast
at det ei med gru må minnast
Jesu harde strid for oss,
alle slag og sår og strimar
og dei myrke redsels timar
då han pintest på sin kross!

Han som laut for alle lida,
tok på seg vår synd og kvida
lydig inntil kross og grav.
Han seg gløymd av Gud laut kjenna,
han sitt blod for oss let renna
inntil åndi ut han gav.

Å min Jesus, kjærleiks kjelda,
lat for meg di liding gjelda,
slett mi skuld og sløkk min harm!
Kom med miskunn til meg arme,
kveik i meg din kjærleiks varme,
brenn all syndi or min barm.

Sårt du leid for synder mine,
lydig bar du kross og pine,
gjev då meg ditt hjartelag!
Hjelp meg dag for dag å læra
krossen etter deg å bera
lydig til min siste dag!



Lær meg for mi synd å gråta
når eg skodar krossens gåta:
kvi du måtte døy for meg?
Nær din kross lat meg få standa,
inn din guddoms kjærleik anda,
trøyst mot dauden få hjå deg!

Ved din kross lat livd meg finna,
ved din daude siger vinna
ved din nåde evigt liv!
Og når lekamslivet ender,
gøym mi sjel i dine hender,
rom i Paradis meg gjev!

Sekvens av Jacopone da Todi
(d. 1306). Ved Bernt Støylen.

Kva er i vegen for nattverden?

I kyrkja vert folk talde, endå til
når dei går til nattverd. Me må
ha oversyn for å kunna planlegg-
ja arbeidet rett, seier "dei som
har noko med det"--. Men då skul-
le me kunna venta at det vart
teke alvorleg om teljingsaktivi-
teten fortalde om i det minste
sjokkerande tilhøve.
Lat oss då sjå på kva nattverd-
statistikken fortel frå Vaksdal
prestegjeld:

Dale 238	Flatekvål 115
Vaksdal 365	Nesheim 145
Bergsdalen 72	Sjukeheimen 202
Stamnes 225	Aldersheimen 160
Eidsland 47	Soknebod 33

Nattverdgiester i 1983 i alt 1602.

Dei lærer me dette talet på alle dei
nattverdsgudstenestene me har, og
reknar med at dei fleste som går
til alters er "faste gjester", får
me truleg ein stad kring 200-
250 som brukar nattverden hjå oss.

For heile landet er det 1 061 581
nattverdsgjester i alt, -og det
vil truleg seia at det er ein
stad kring 100 000 som går til
alters i kyrkjene våre.

Sume vil vel seia at dette er som
det skal vera, for det er ikkje no-
ko mål å få mange til alters. Det
er fåe "personlege" kristne, og
då skal det vera fåe nattverds-
gjester.

Men det avgjerande spørsmålet er
om Jesus skipa nattverden for dei
sikke og trygge, berre, eller om
han ville nå vidare ut. Dei som
han gav det første nattverdsmål-
tidet var ein blanda flokk, -ja
endå Judas fekk vera med. Og hine
var slike som snart skulle svikta.
Og Jesus heldt lag med syndarar
og tollmenn, og åt ilag med dei.
"Eg er ikkje komen for å kalla
rettferdige, men syndarar," sa han.
Difor er nattverden for dei som
kjem med si veike tru og tomme
hand, for å få forlating og styr-
ke til å leva kristenlivet.
"Den som kjem til meg, vil eg so
visst ikkje støyta ut!" sa han.

Kva er det då som held borte dei
som gjerne ville vera med? Ofte
er det nok eigne krav. "Eg er ik-
kje bra nok. Eg vil ikkje hykla."

Men andre kjenner seg utfrosne,
utestengde, baktalte, osv.
Og det finst vel og dei som skjem-
mest, og ikkje vil tona flagg.

Noko kan vel og vår nattverdsform
ha å seia. Den første nattverden,
og i den første kristne tida var
dei samla i private hus, i mindre
flokkar, kring matbordet til mål-
tid som vart avslutta med nattverd.
Dei kjende og snakka med kvarandre.
Hjå oss er det meir formelt, framme
i koret, med tilskodarar, og uvanle-
ge element - brødet som ein kvit
oblat, vinen i fine sølvkalkar.
Og folk går helst kvar med seg, ut-
an synleg kontakt med dei andre.

Dette gjer nok at nattveren verk-
ar framand og skremmande på mange.
Diverre er det vel lite von til at
det vert mykje endring i formene,
førebels.

Men noko nytt har kome til:

NATTVERD FOR BORN!

No kan born få gå til nattverd, sa-
man med foreldre eller andre føre-
sette. Formelt er grensa 6-7 år,
men det syner seg at der foreldre
har eit kristent heimemiljø med
sine tre-fire-åringar, og seier ein-
felt noko om kva me får i nattver-
den, -kan born få ei fin nattverds-
stund med mors eller fars arm om
seg, og får smaka med mor eller far.
"Utan de vert som små born", sa
Jesus til vaksne. "Utan de vert som
vaksne", seier me til småborn.
Men forstår dei nok? -Forstår dei
dåpen, då? Og kva skjønar me vaksne?

Kan henda kunne nett barnenattver-
den fortelja oss kven nattverden
er for: Dei som ikkje er store nok,
skjønar nok, får nok til, -men som
likevel, eller nett difor, vil høyra
Jesus Kristus til, og treng han.

Foreldre som er usikre på kvå dei
skal gjera, kan venda seg til pres-
tane, som og har hefte om nattverd
for born.

Men det er nok mange vaksne krist-
ne og som har problem med nattver-
den. Snakk med presten til dømes, -
du kan gjerne bruka telefonen, og
treng ikkje gje opp namn, om det
gjer det lettare.

"Drikk av det alle!" sa Jesus til
Læresveinane sine. "Gjer det
TIL MINNE OM MEG!"

PER S.

UT AV ENSOMHETEN



«Fra sosionomens dagbok»

Stoffet er laget spesielt for FAMILIEN

Hva sier familien når en pensjonert enkemann får en venninne? Også eldre mennesker har en selvfølgelig rett til å gjøre nye bekjenskaper og pleie sosialt samvær. Og som regel vil en samtale med barna oppklare eventuelle misforståelser.

Olav B. presenterte seg høflig da han kom inn på mitt kontor. Jeg så på denne eldre, stilige mannen, mens han satte seg til rette i stolen.

Etter en kort innledningssamtale om vær og vind, så han noe forlegent bort på meg.

– Jeg vet ikke riktig hvordan jeg skal få sagt dette, begynte han, – men jeg har behov for å snakke med noen om noe spesielt.

– Ja, det er mange som kommer hit i samme ærend, fortsatte jeg for å hjelpe ham i gang. Det kan ofte være godt å snakke med noen om det en er opptatt av.

– Jeg har vært enkemann i fem år, sa Olav B. – Kona mi, Martha, døde brått kort tid etter at jeg ble pensjonist. Det var et hardt slag for meg, og tiden som fulgte var vanskelig å komme igjennom. Det var ikke slik jeg hadde tenkt meg pensjonisttiden. Som tidligere politimann ble jeg tilbudt noen småjobber som vaktmann. Disse jobbene tok jeg imot og de hjalp meg til å holde depresjonen borte i en ellers vanskelig periode.

– I tillegg til savnet og sorgen over kona mi, fikk jeg en-

del praktiske problemer som jeg måtte finne ut av. Tidligere hadde Martha tatt hånd om det daglige stellet hjemme. Det hadde tilhørt hennes arbeidsområde. Nå var det jeg som måtte ta meg av det. Jeg følte meg utilstrekkelig den første tiden, så barna våre som bor i nærheten hjalp til. Men de har jo sin egen familie å ta seg av også, så etterhvert ordnet jeg opp mer og mer, og nå greier jeg meg alene.

Jeg nikket til ham for at han skulle forstå at jeg lyttet.

– Barn og barnebarn har vært flinke til å besøke meg og noen ganger har jeg sittet barnevakt hos dem. Vi har et godt forhold til hverandre.

Olav B. gjorde en pause.

– Men, sa han videre. – Den siste tiden har det oppstått hendelser for meg som jeg ikke vet hvordan de vil forholde seg til. Jeg har ikke greid å ta det opp med dem, fordi jeg er redd de skal få noe å utsette på meg og jeg ønsker ikke noen konflikter.

– Min fritid etter at jeg ble enkemann har jeg tilbrakt sammen med familien eller alene – inntil siste sommer. Da bestemte jeg meg for å dra på en ukers feriereise. Det var på denne reisen at jeg traff Ingrid som også var blitt alene etter at hennes mann døde. Hun bor ikke så langt fra meg. Vi hadde mye å snakke om og fant ut at vi trivdes i hverandres selskap.

– Etter at vi kom hjem fra feriereisen har vi hatt endel kontakt med hverandre. Vi har det så fint sammen og jeg ser fram til hver gang jeg skal møte henne. Men så er det familien min, sa Olav B. og ble stille.

– Ja, hva er det med dem da? Godtar de ikke Ingrid?

– Det er nemlig det jeg ikke vet fordi jeg ikke har fortalt dem om mitt nye bekjenskap. Jeg er redd de vil kritisere meg og si at jeg svikter min avdøde kone.

– Hva synes du selv da? Gjør du det?

– Jeg har tenkt mye gjennom dette. Det Martha og jeg har hatt sammen kan ingen ta fra oss. Vi har hatt et langt samliv, men nå er hun jo borte. Det jeg sitter igjen med er minnene etter henne. Jeg vil ikke på noen måte glemme Martha selv om jeg er blitt kjent med Ingrid.

Vi snakket lenge sammen om den nye situasjonen som var oppstått for Olav B. Det var viktig for ham å få sortert ut og satt ord på de tankene og følelsene han satt med i forhold til sin avdøde kone, sin familie og sitt nye bekjenskap, Ingrid. Det var tydelig at han hadde tenkt mye på dette, og at det var godt for ham å ha en person å diskutere situasjonen med.

– Jeg har etterhvert innsett at jeg må kunne etablere et nytt kontakthold selv om jeg er en eldre mann, sa han. Ikke minst når en kommer opp i årene og alle forpliktelser en har hatt i forhold til familie og yrke er borte, trenger en å ha en person som en kan dele sine gleder og sorger med. Selv om jeg har barna mine, så har de ofte nok med sitt eget. Jeg ønsker ihvertfall ikke å være til noen belastning for dem.

– Du har dessuten rett til å leve ditt eget liv, sa jeg. Den retten har en enten en er ung eller eldre.

Olav B. bestemte seg for å kontakte familien sin og fortelle om sitt bekjenskap med Ingrid. Vi avtalte også en ny time for å snakke sammen igjen.

Et par uker etterpå var han tilbake på kontoret. Blikket han sendte meg fortalte at det var skjedd positive ting siden sist. Denne gangen trengte vi ikke noen innledningssamtale om alt og ingenting. Han satte seg i samme stol som første gang og la hatten sin på fanget.

– Det gikk fint, sa han. – Jeg har snakket med begge sønnene mine.

– De sa at jeg hadde virket så mye mer glad og fornøyd den siste tiden, så de hadde forstått at et eller annet var skjedd med meg. Og det er jo sant, jeg er jo mer glad nå enn det jeg har vært i de siste fem årene. Etter sorgen og tapet av Martha er det igjen godt å oppdage at det er noen som bryr seg om en. Det gir hverdagen mer innhold og det gir meg mer overskudd også overfor omgivelsene mine.

Jeg måtte si meg helt enig med Olav B. Det er viktig å føle at en betyr noe for omgivelsene sine.

– Familien min ser fram til å hilse på Ingrid, sa han videre. De virket glad på mine vegne for at jeg hadde truffet henne.

Han så på klokka og reiste seg. Takk for all hjelp, sa han. Jeg er lettet og glad. Nå tar jeg første buss til Ingrid for å invitere henne til middag på søndag.

Jeg var glad han hadde fått løst sitt problem på en god måte, og ønsket ham lykke til videre.

Ellen



Sanct Johannes-Guttene

AKERSHUS SLOTTSKIRKES GUTTEKOR er på påsketurne, og skal ha konsert i Dale kyrkja palmelaurdag kl. 19.00. Med i koret er 28 gutar i alderen 8-14 år og 11 i alderen 15-24 år. Leiar for koret er operasongar Svein Bruun. Koret har fått svært god kritikk etter konsertane sine. Til dømes seier "Sunnmørsposten" etter ein konsert i Alesund m.a.: "Operasongar Svein Bruun har med sine Sanct Johannes-gutter skapt et vokalensemble det neppe fins maken til her i landet. Ikke bare klunger koret fasinerende vakkert og fylldig, -de unge guttene utøver sine musikalske ferdigheter med imponerende treffsikkerhet og sanglig eleganse. -Konserten ble en gripende høytid og et fint møte med kirkemusikk både av kjente og ukjente komponister. - En kunne gjerne nevne hele konsertprogrammet som kveldens høydepunkt-er."

Me vonar mange vil unna seg ei slik fin oppleving, gjerne som innleiing til ei påskefestveka i Vaksdal prestegjeld!

Tilbud fra KRISTENT ARBEID BLANT BLINDE

KRISTENT ARBEID BLANT BLINDE

er en selvstendig organisasjon som har kontakt med blinde og svaksynte fra alle kristne kirkesamfunn i Norge. Utgivelse av lydavis og kristen litteratur på kassett er det største arbeidsfeltet.

FOR HVEM?

Alle som ikke kan lese på egen hånd kan abonnere på lydavis og låne bøker fra Kristent Arbeid Blant Blinde. Dette gjelder bl.a. alle synshemmede, rullestolpasienter som ikke kan holde en bok, psykisk utviklingshemmede og andre. Før personer som ikke er synshemmet kan registreres som abonnenter, bør vi ha en bekreftelse fra lege på at vedkommende ikke kan lese selv. Dette fordi våre kassetter går som blindeskrift, d.v.s. gratis i posten. Dersom ikke annet er nevnt, er alle tilbud fra Kristent Arbeid Blant Blinde gratis.

LYDAVISER

- **VENNELAGETS LYDAVIS**
Nyheter fra kirke og misjon, andakt, intervjuer, ønskekonsert. Utkommer hver uke med en spilletid på 1 1/2 time. Hver annen uke kommer et bilag med samme spilletid: «Månedsmagasinet» med lettlest klippstoff fra Kristne blader og aviser, eller «Refleks» som inneholder debattstoff, populærteologi m.v.
- **«KULA»**
Lydavis for ungdom. Musikkstoff, reportasjer, utdrag fra bøker og klipp fra ungdomsblader. Utkommer hver måned med en spilletid på 1 1/2 – 3 timer.

- **BARNAS LYDAVIS**
Hørespill, bibelfortellinger, opplesning fra barnebøker og mye mer. Avisen har et kristent siktemål, men inneholder også vanlig «barnetimestoff». Utkommer hver annen uke, spilletid 1 1/2 – 3 timer. Passer for barn fra 4 år. Også voksne kan abonnere.

STOR SKRIFT

- **LIVET**
Blad i stor lettlest skrift. 6 nummer pr. år. Abonnement 1983 kr. 60. Utgis også i blindeskrift.

BLINDESKRIFT

- **SOLGLØTT**
Lettlest oppbyggelsesblad. Kommer med 10 nummer pr. år og blir også utgitt på kassett.
- **LIVET**
Punktutgave av storskriftbladet. Stort sett samme innhold. Trykkes i plast. Abonnement kr. 50.

KURS OG LEIRER

- **BIBELKURS**
Bibelkurs arrangeres over hele landet. Be om program.
- **UNGDOMSLEIR**
Leir for blinde og seende ungdommer arrangeres hver sommer.
- **MØTER**
Lokalavdelinger av Kristent Arbeid Blant Blinde innbyr til møter. Kunngjøres i lydavisene.

LITTERATUR

- **LYDBIBLIOTEK**
Kristen litteratur på kassett til utlån. Utvalget omfatter biografier, romaner, lyrikk, barnebøker, oppbyggelsesbøker og studielitteratur. Fullstendig katalog fåes på bestilling.
- **BIBELTIMER**
Bibeltimeserier på kassett lånes ut. Sentrale bibelske emner behandles av kjente forkynnere.
- **BIBELEN**
Den nye bibeloversettelsen er utgitt på 111 kassetter i 20 album. Hele kassettbibelen selges for kr. 250 til blinde og svaksynte. Kan også fåes i 5 deler à kr. 50.
- **LYDBOKKLUBB**
Medlemmer av lydbokklubben får tilbud om å kjøpe en ny kassettbok hver måned. Bøkene selges til produksjonspris, vanligvis under kr. 50. Orientering om bøkene sendes ut på forhånd. Avbestillingsrett.
- **BØKER TIL SALGS**
Andaktsbøker og annen kristen litteratur på kassett selges til produksjonspris. Utvalget utvides stadig. Be om egen liste.

HVA GIR DU FOR EN BIBEL?

En hundrelapp, kanskje? For den prisen kan du få en pent innbundet bibel i bokhandelen. For et par tiere får du et nytestamente. Men du vet at Bibelens verdi ikke kan måles i penger. Det er verdens viktigste bok — derfor satser norske kristne millioner av kroner hvert år for at nye folkeslag skal få Guds Ord. Blinde kan ikke lese Bibelen på samme måte som deg. Men de kan høre den opplest på kassetter.

117 TIMER BIBEL

Kristent Arbeid Blant Blinde har utgitt Bibelen på kassetter. En kassettbibel består av 111 kassetter — og det tar 117 timer å høre den. Det sier seg selv at en slik bibel blir kostbar. 3500 kroner koster den å produsere. Det er Bibelen verd, men vi synes det er urimelig at blinde skal betale så mye for en bibel når du kan kjøpe din for under en hundrelapp. Derfor selger vi Bibelen til synshemmede for 250 kroner. Bibelselskapet gir tiltaket en viss støtte, men vi må selv samle inn 3000 kroner for hver bibel vi selger.

MEDLEMSSKAP

Synshemmede kan bli medlemmer av organisasjonen Kristent Arbeid Blant Blinde. Medlemmene har stemmerett på avdelingenes årsmøter og kan velges til tillitsverv. Kontingenten er kr. 25 pr. år. Det er ingen betingelse å være medlem for å benytte seg av våre tilbud. Seende kan bli støttemedlemmer uten stemmerett for samme kontingent.

TA KONTAKT!

Vi står gjerne til tjeneste dersom du trenger nærmere opplysninger om vårt arbeid. Vårt informasjonsblad «KABBnytt» sendes ut 4 ganger i året til alle givere og andre som ønsker det. Vi har også kataloger over lydbøker og en informasjonskassett som sendes til nye abonnenter og andre interesserte.

VÅR ADRESSE:

KRISTENT ARBEID BLANT BLINDE

1800 ASKIM
Tlf.: (02) 88 30 50
Postgirokonto: 5 09 96 01
Bankgirokonto: 1100.20.01200




«Vi går i kyrkja» til 7-åringane



Vi går i kyrkja

I mange år har kyrkjelydane sendt dåps-helsing på dåpsdagen, og delt ut "Mi kyrkjebok til fireåringar. No er me komne eit steg vidare i "Undervisningsprogram for heim og kyrkje". I år får sju-åringane utdelt "Vi går i kyrkja" ved ei familiegudstenesta. Boka skal gje hjelp til å vera med i gudstenesta, og har og ei rettleiing for foreldre. Dei fleste skulane har sagt frå at dei vil nytta boka i førsteklasseane.



Tida - tanken og trua

Tikk takk - seier klokka.
Kor lenge?
Dunk dunk - seier hjarta.
Kor lenge?

Fort fort - flyg dagane.
Frå meg?
Ofte ofte - har eg sjansen.
Til fånyttas?

Sanning sanning -
krev samvitet.
Fuskar eg?
Hit hit - gapar grava.
Flyktar eg?

Kom kom - kallar Jesus.
Kjem eg?
Gå gå - byd Meisteren.
Går eg?

Dom dom - tordnar lova.
Høyre eg?
Nåde nåde -
ringjer evangeliet.
Trur eg?

Takk takk - seier trua.
Mi tru?
Snart snart - er eg heime.
Er eg?

Steinar Ihle

Stor glede i Israel over olje frå Noreg:

Olje til Israel var eit samtale-emne ein fort kom inn på under vitjinga til Israel i sept./okt. Det har vore arbeidd intenst for å finna olje i landet Gud lova Abraham og hans att. I den velsigninga Moses lyste over di 12 ættene står det m.a.:

"Sælaste sonen vert Asser, kjæreste brot mellom brørne. I olje fær han duppa foten." Under 2. verdskrigen vart ein kampfly-pilot frå Texas nedskoten over Frankrike. Flyet han førde fekk ein tysk 88 mm granat i seg. Piloten visste det vart døden, for flyet stupte rett mot bakken. Men eit under hende. Makina retta seg opp, og Sorelle kom seg og vart ygt attende til basen. Piloten sat mællaus i cabina, og det gjekk opp for han at ein levande Gud hadde berga livet hans. Han gav livet sitt over til Herren. Andrew Sorelle var oljeingeniør. Ved ei vitjing i Israel tende det som ein gneiste: Det må vera olje i Israel. Og profetien Moses kom med om Asser slo ned. På kartet såg han landsdelen Asser fekk. Her må det vera olje! Og i dag arbeider Sorelle med eit utvalt mannskap av oljeekspertar i Assers land. Til no har dei funne lite olje, men dei arbeider vidare med godt mot. Vi tala saman om dette på turen

til Israel. "Dette er framtidsutsikter," sa fleire til oss, "men", og no smilte dei vakkert "me får kjøpa olje i Noreg. Så skal me ikkje stå opprødde for drivstoff." Dei sa det med ei glæda som om dei hadde fått olja i gæve. -Oljen som drivstoff til bilparken og fly, rutefly og kampfly, er eit problem for Israel. Dei gav frå seg oljen dei hadde funne i Sinai. Sorelle og hans medarbeidarar hadde funne mykje olje i Sinai. Men i byte med fred med Egypt gav dei frå seg oljekjeldene. Og i denne tida er utlegga til energi frå utlandet ein stor utgiftspost som tyngjer på betalingsbalansen. "Det må vera olje i Israel" sa ein jøde til oss. "Det er berre nokre titals km. til Saudi-Arabia og der er enorme mengder olje."

Ein ting er klart. Israel er eit land med framtidssyner. Folket lever av hardt arbeid. Men dei lever på lovnadane til dei tolv ættene. Og trur for visst at Abraham, Isaaks og Jakobs Gud skal stå ved

det han har sagt. Kvar jøde skal bu trygt under sitt vintre eller fiketre.

Gud har lova Israel og Israels land ting som inkje anna land i verda har maken til. Ljos framtid for dette landet og folket som bur der.

Olav Hesjedal.

Jesus eller Barabbas?

Mange undrast nok når dei les at då jødane fekk velja mellom å få Jesus eller Barabbas frigjeven, valde dei Barabbas, "ein illgjeten fange", som det står i Matteusevangeliet.

Men ser me nærare på dei ord og uttrykk som er nytta i evangelia om Barabbas, er dei ikkje eintydige. I dei andre evangelia er han kalla opprørar eller røver, med ord som elles vert nytta om m.a. den tids gerilja og "heimefront-folk"

Stutt sagt er det difor grunn til å tru at når Pilatus gav dei valet mellom Jesus og Barabbas, var det to folkeheltar det stod om, med ulike program for korleis jødane skulle få fridom. -Med vald og opprør, eller med kjærleiks milde makt.

Jesus hadde sett korleis det vilde gå, og gret over Jerusalem.

Og framleis lyt folk velja. Dei fleste synest ha mest tru på Barabbas-politikken. -Men kristne skulle vel velja anleis?

PERs.

Kyrkjeblad for Vaksdal

Rekneskap for 1983

Inntekter:

Bladpengar	kr. 22.475,00
Andre inntekter	" 453,90
Sum inntekter	<u>kr. 22.928,90</u>

Utgifter:

Prenting	kr. 21.051,20
Utstyr	" 7.748,00
Andre utgifter	" 717,50
Sum utgifter	<u>kr. 29.516,70</u>

Bladpengane fordelt mellom kvar sokn.

Talet i prosent syner kor mange av husstandane som har betalt.

Dale	kr. 8.365,-	36 %
Vaksdal	" 6.555,-	57 %
Stamnes	" 4.245,-	50 %
Bergsdalen	" 500,-	67 %
Flatekval	" 600,-	71 %
Nesheim	" 615,-	77 %
Utanbygds	" 1.595,-	55 %
	<u>kr. 22.475,-</u>	<u>46 %</u>

Innkome bladpengar pr. 29.3.1984 kr. 23.480,-

Med helsing og takk

Ragnar Trohjell

kasserar

Frå kyrkjebøkene

DØYPTE

DALE

26.2. Arild Alexander
Danielsen Boge.

25.3. Trine Olsnes.

STAMNES

11.3 Jon Olav Stamnes
Even Solhaug

EIDSLANDET

1.4. Silje Møster Aas.

EKSINGEDALEN

5.2. Kenneth Furevikstrand

VAKSDAL

22.1 Halvard Langhelle

4.3. Anne-Marthe Skjerveggen

18.3. Jan Vidar Grindheim.

VIGDE

DALE

14.1. Liv Vigdis Nilsen og
Knut Olav Carlsen

10.3. Bjørn Erik Birkeland
og Kari Bruvik.



AVLIDNE

VAKSDAL

3.1. Amanda Faugstad

14.3. Johannes A. Boge

DALE

16.2 Ester Kjellaug Berthelsen

22.2. Johanna B. Helle f. 1895.

26.3. Einar Lid f. 1910.

29.3. Karl Sebdal f. 1900.

STAMNES

11.1. Brita B. Hesjedal f. 1882.

20.1. Maria Birgit Kulshamar f. 1898.

14.2. Albert Hagen f. 1916.

18.3. Ingeborg Maria Elvik f. 1909.

25.3. Signe Hesjedal Dæmring f. 1916.

Påskekor?

gudstenestelista for påskehelga står "Påsketekoret" oppført ved tre gudstenester. I skrivande stund må me vel seia at det var på vona jort. Organistane Ragnvaldsen og Michelsen har arbeidd for å få samla nok songarar til eit lite "påskekor" som kunne vera med å syngja i påskegudstenester, då det er vanskeleg å samla vanlege kor. Truleg vil det lukkast, og i so fall vil det vera til glede og oppbygging for mange. Og etter røynslene frå andre slike påskekor - ikkje minst for dei som har vore med!



Smilet

*Smilet er solen i vinterens mørke,
La ikke smilet på lebene tørke.
Smilet er menneskets overskuddslager,
godt å se smilet på stressede dager.
Smilet er gratis, de glade reserver,
beste middel mot dårlige nervær.*

*La oss da yte vår lille skjerv.
Ingen er trygg på sitt tidehvert.
Vårt liv er så kort, hva har vi i vente?
Kan smilet få være vårt livs testamente?*

(Innsendt)

Irene Thorsen

VELKOMEN TIL KYRKJE

APRIL

14."PALMELAUDAG"

DALE KYRKJA KL. 19.00.

KONSERT AV ST JOHANNESGUTTENE.

15. PALMESUNDAG

NESHEIM KL.11.30: FAMILIE-
GUDSTENESTA V. SP.STEINNES.
Song av skuleborn.Utdeling av
"Vi går i kyrkje".Innsamling
av fastebøsser. Kyrkjekaffi.

STAMNES KL.11.00: FAMILIE-
GUDSTENESTA V.RK. SØNNESYN.
DAMEKORET SYNG. Utdeling av
"Vi går i kyrkje".Innsamling
av fastebøsser. Kyrkjeskys.

BERGSDALEN - Sportsandakt kl.13.
Rk. Sønnesyn

19. SKIRTORS DAG

DALE KL . 11.00 Rk.Sønnesyn.
"Påskeket" Nattv.

BERGSDALEN KL:11.00 Sp.
Steinnes.Nattverd.Innsam-
ling av fastebøsser.

20. LANGFREDAG

VAKSDAL KL 11.00 Sp.Steinnes.
Nattverd.

EKSINGEDALEN KL 11.00 Rk. og
unge frå Fagertun. Nv.
Offer til Fagertun.

STANGHELLE BEDEHUS KL.18.00
Sp.Steinnes.

22. PÅSKEDAG

DALE KL 11.00. Høgtidsgudst.
Sp.Steinnes.Offer til NMS
Kyrkjeskys.

VAKSDAL kl. 11.00. Høgtidsgudst.
Rk.Sønnesyn og "Påskeket".
Offer til Santalmisjonen

NESHEIM KL 18.00. Rk.Sønnesyn
St.Markus Ungdomsklubb.Nattverd.

23. ANDRE PÅSKEDAG

STAMNES KL 11.00. Høgtidsgudst.
Sp.Steinnes."Påskeket"
Offer til NhdL.Indremisjon.
Kyrkjeskys.

EIDSLANDET KL.11.00. Høgtidsgt.
Rk.Sønnesyn. Nv. Offer til
Israelsmisjonen.

29.1. SUNDAG ETTER PÅSKE.

STAMNES KL. 11.00. Misjonspr.
Hestad.Offer til NMS.Samling
i bedehuset etterpå.

NESHEIM KL. 11.30. Rk.Sønnesyn.
Nattverd.Offer til M F.

1. MAI

DALE KL.11.00 Sp. Steinnes.
Mannskoret.

VAKSDAL KL. 9.30. Rk.Sønnesyn.

Kyrkjeblad for Vaksdal prestegjeld

Bladstyrarar: Per Einar Sønnesyn (ansv.) og Magne O. Steinnes. Medarbeidarar: Skrivarane i sokneråda. Kassarar:
Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik. Postgiro 5 72 34 73, bankgiro 3500.50.13117. Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.

Bladpengar kr. 30,00 (eller meir) for året.

Ekspedisjon og trykk og retur til: Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese, tlf. (055) 55045.